




# bokLEK

**FOR ALLE SKULESTARTARANE I INNLANDET**





## BOKLEIK-TURNÉ

Alle barna som går siste året i barnehagen, blir invitert til folkebiblioteket der dei får møte forfattern eller ein formidlar.

Bokleik-forfattar i 2024 er Kristin Roskifte. Under Bokleik-turneen reiser ho, saman med Marianne Sundal og Kristine Haugland, rundt til alle folkebiblioteka i Innlandet og formidlar frå bildeboka «Alle sammen teller», som er ei annleis leite-og-telle-bok. Bak alle tala gøymmer det seg menneske med ulike bakgrunnar og historier.




«ALLE SAMMEN TELLER»

*Vi ønsker alle  
skulestartarar velkomne  
til eit møte med Kristin  
Roskifte.*

## LEIK MED BOKA!

Bøkene til Kristin Roskifte kan lånast på ditt lokale folkebibliotek. Alle barnehagar som deltek, får i tillegg eit eksemplar av boka «Alle sammen teller». Forfattarmøte blir alltid best med eit publikum som er førebudd, så vi oppmodar barnehagane til å gå inn på boklek.no, der de vil finne nyheiter, tips og idear til aktivitetar som kan gjennomførast i barnehagen og heime, før og etter besøket på biblioteket.



## FORMIDLARANE I ÅR



**KRISTIN ROSKIFTE** er illustratør og forfatter. Ho har laga 9 biletbøker, og har bidrege med illustrasjonar til langt fleire. «Alle sammen teller» vann i 2019 mellom anna Nordisk Råds barne- og ungdomslitteraturpris. Boka er oversatt til meir enn 40 språk, og er med det ein av dei norske barnebøkene som har reist lengst ut i verda!



**MARIANNE SUNDAL** er forteljar og har dei siste seksten åra arbeid med forteljingar, førestillingar og kurs. Ho arbeider mykje med elevar og lærarar og ho lagar også egne førestillingar.



**KRISTINE HAUGLAND** har jobba som forteljar sidan 2003, og er med som formidlar under Bokleik-turneen i 2023. Med solo- og samarbeidsprosjekt har ho turnert og opptredd for tusenvis av barn, unge og vaksne.





BOKLEIK STARTA OPP I 2014 og er eit samarbeid mellom Norsk Litteraturfestival, Innlandet fylkesbibliotek og alle folkebiblioteka i Innlandet. Målet med prosjektet er å skape positive litteraturopplevingar. Dei siste åra har det delteke over 3000 barn som har oppdaga boka gjennom å lytte, teikne, dikte, fortelje og skape.

**MER INFORMASJON OG FORSLAG TIL  
LESEAKTIVITETER: [WWW.BOKLEK.NO](http://WWW.BOKLEK.NO)**

**NORSK** LITTERATURFESTIVAL  
27. MAI-2. JUNI 2024

